



# Føresegner og retningslinjer, kommuneplanens arealdel 2025-2040

|                                    |                                              |
|------------------------------------|----------------------------------------------|
| PlanID                             | 202302                                       |
| Saksnummer                         | 2X/XXXX                                      |
| Datering av føresegner             | 26.05.2025                                   |
| Dato for kommunestyret sitt vedtak | XX.XX.XXXX                                   |
| Dato for siste revidering          | 03.07.2025 (rettet feltnavn på<br>faresoner) |

## Innhald

|                                                                             |   |
|-----------------------------------------------------------------------------|---|
| 1. Siktemålet med planen.....                                               | 3 |
| 2. Rettsverknad.....                                                        | 3 |
| 3. Fellesføresegner.....                                                    | 3 |
| 3.1 Krav til regulering .....                                               | 3 |
| 3.1.1. Utbyggingsområde .....                                               | 3 |
| 3.1.2 Område for råstoffutvinning .....                                     | 3 |
| 3.2 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2) .....                              | 3 |
| 3.3 Rekkefølgekrav og krav til infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 3 og 4) .....  | 4 |
| 3.4 Byggjegranser (pbl § 11-9 nr. 4) .....                                  | 4 |
| 3.4.1. Byggegrense veg .....                                                | 4 |
| 3.4.2. Byggegrense VA-anlegg .....                                          | 5 |
| 3.4.3. Byggegrense sjø og vassdrag .....                                    | 5 |
| 3.5 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5) .....                           | 5 |
| 3.6 Krav til leikeareal og felles uteopphaldsareal (pbl § 11-9 nr. 5) ..... | 6 |
| 3.6.1 Leikeareal .....                                                      | 6 |
| 3.6.2 Uteopphaldsareal .....                                                | 6 |
| 3.7 Krav til parkering (pbl § 11-9 nr. 5) .....                             | 6 |
| 3.8 Krav til samfunnstryggleik (pbl § 11-9 nr. 6) .....                     | 7 |
| 3.8.1. Flaumvegar og overvatn .....                                         | 7 |
| 3.8.3. Havnivå og stormflo .....                                            | 7 |
| 3.8.4. Flaum .....                                                          | 8 |

|                                                                                |           |
|--------------------------------------------------------------------------------|-----------|
| 3.8.4. Skredfare.....                                                          | 8         |
| 3.8.5. Fjellskredgenerert flodbølge .....                                      | 8         |
| 3.8.6. Støy .....                                                              | 8         |
| 3.9 Krav til landskap/terrengbehandling, estetikk (pbl § 11-9 nr. 6 og 7)..... | 8         |
| 3.10 Krav til natur og grøntstruktur (pbl § 11-9 nr. 7).....                   | 9         |
| 3.11 Krav til massehandtering (pbl § 11-9 nr. 6) .....                         | 9         |
| <b>4. Føresegn for arealformål .....</b>                                       | <b>10</b> |
| 4.1 Bygningar og anlegg .....                                                  | 10        |
| 4.1.1. Bustadformål .....                                                      | 10        |
| 4.1.2. Fritidsbustadar frittliggande, noverande .....                          | 10        |
| 4.1.3. Fritidsbustadar framtidig.....                                          | 11        |
| 4.1.3. Sentrumsformål .....                                                    | 11        |
| 4.1.4. Forretningsformål.....                                                  | 11        |
| 4.1.5. Fritids- og turistformål.....                                           | 11        |
| 4.1.6. Offentleg og privat tenesteyting .....                                  | 12        |
| 4.1.7. Råstoffutvinning .....                                                  | 12        |
| 4.1.8. Næringsformål .....                                                     | 12        |
| 4.1.9. Idrettsanlegg.....                                                      | 12        |
| 4.1.10. Andre typar bygningar og anlegg .....                                  | 12        |
| 4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur .....                           | 12        |
| 4.3 Grønstruktur.....                                                          | 13        |
| 4.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrifformål .....                | 13        |
| 4.4.1. LNF-område .....                                                        | 13        |
| 4.4.2. LNF-spreidd busetnad framtidig .....                                    | 13        |
| 4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone .....           | 14        |
| <b>5. Føresegner til omsynssoner .....</b>                                     | <b>15</b> |
| 5.1 Sikrings-, støy- og faresoner .....                                        | 15        |
| 5.1.1. Sikringssone .....                                                      | 15        |
| 5.2.2. Faresoner .....                                                         | 15        |
| 5.3 Særlege omsyn til landbruk, bevaring av naturmiljø og kulturmiljø .....    | 15        |
| 5.4 Bandlagde område eller bandlegging i påvente av vedtak.....                | 15        |
| <b>6. Vidareføring og oppheving av planar.....</b>                             | <b>16</b> |
| 6.1 Vidareføring av reguleringsplanar .....                                    | 16        |
| 6.2 Reguleringsplanar som blir vidareført med endring.....                     | 19        |
| 6.3 Reguleringsplanar som skal opphevast .....                                 | 20        |

## 1. Siktemålet med planen

Kommuneplanens arealdel har som formål å vise sammenhengen mellom framtidig samfunns-utvikling og arealbruk. Kommuneplanens arealdel skal fastsette hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, og kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

## 2. Rettsverknad

Kommuneplanens arealdel er juridisk bindande og er styrande for alle nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak innanfor område vist på plankartet, datert 25.05.2025.

Godkjende reguleringsplanar som framleis skal gjelde framfor kommuneplanens arealdel er vist som omsynssoner H910 i plankartet, jf. pbl § 11-8 bokstav f. Aktuelle planar er lista opp under pkt. 5.5.

Kommuneplanens arealdel gjeld for områda der reguleringsplanar og bebyggelsesplanar vert oppheva.

## 3. Fellesføresegner

### 3.1 Krav til regulering

#### 3.1.1. Utbyggingsområde

Det er krav om reguleringsplan (detalj- og/eller områdeplan) for alle framtidige byggeområde i planen.

For noverande byggeområde for bustadformål kan det tillatast inntil 4 bueiningar per delområde, utan reguleringskrav.

#### 3.1.2 Område for råstoffutvinning

For område sett av til råstoffutvinning/masseuttak eller vesentleg endring av eksisterande masseuttak kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som nemnt i pbl. kap. 20 eller gjennomførast frådelling til slike formål før området er omfatta av ein reguleringsplan.

### 3.2 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)

Utbygger skal som **utgangspunkt** stå for opparbeidingskostnadane for utbygging av nødvendig teknisk infrastruktur, blågrøn struktur som reguleringsplanen utløyser, med heimel i planens rekkefølgekrav etter pbl.

Det kan inngåast utbyggingsavtalar som regulerer ansvar og kostnadsfordeling for gjennomføring av ein reguleringsplan. Jf. plan- og bygningslova § 17-2.

Utbyggingsavtalar mellom Fjord kommune og private utbyggjarar kan omfatte avtale om infrastruktur (vatn, avlaup, veg, gang- og sykkelveg, parkering, ladestasjonar, grønstruktur/tursti, areal til leik ) og energiløysingar.

Utbyggingsavtalen kan også regulere kvalitet, tal bustadar i eit område, største og minste bustadstorleik, og nærare krav til bygningars utforming der det er formålstenleg. Avtalen kan også regulere at kommunen eller andre skal ha fortrinnsrett til å kjøpe ein andel av bustadane til marknadspris.

Kostnader som blir pålagt utbygger eller grunneigar til tiltaket, skal stå i forhold til den belastning den aktuelle utbygging påfører kommunen.

Avtalar må ha egne vedtak etter § 17-2.

### 3.3 Rekkefølgekav og krav til infrastruktur (pbl § 11-9 nr. 3 og 4)

Før framtidige utbyggingsområde kan takast i bruk skal følgjande forhold vere tilfredsstillande ivareteitt:

- Nødvendig teknisk infrastruktur (veg, vatn avlaup, overvatn, renovasjon, energiforsyning, sløkkevatn)
- Blågrønstruktur - grønne korridorar og elver/bekkeløp som knyt saman friområde, leikeområde, tilkomst til overordna grøntstruktur og gang- og sykkelvegnett.
- Trafikksikre løysingar langs veg for mjuke trafikantar, trygg skuleveg og kryssingspunkt.
- Belysningsplan som fastset krav til lyssetting av utbyggingsområdet, m.a. fargetemperatut på lys, maksimal spreivingsvinkel og avskjerming mot vassflate ( unngå lysrefleksjon elv, sjø, ferskvatn) , dimmeprofil med skildring av kor og når dimming skal skje og kor mange prosent lyset skal dimmast ned til, vurdere bruk av kombinasjon bevegelses og tidsinnstilte sensorar.

### 3.4 Byggjegranser (pbl § 11-9 nr. 4)

#### 3.4.1. Byggjegrænse veg

Dersom ikkje anna går fram av detaljreguleringsplan er byggjegrænse i områder for bygg og anlegg og i LNF-spreidd (LS) er byggjegrænse:

- Mot gang- og sykkelveg 2 m frå vegkant
- Mot kommunal veg 4 m frå vegkant.
- Mot fylkesvegar 15 m frå senterlinje veg, i 50 og 60 km soner.
- Mot privat veg 4 meter frå vegkant veg.

Utanom desse områda gjeld veglova sine reglar.

### 3.4.2. Byggegrense VA-anlegg

I alle byggesaker skal det dokumenterast følgjande avstandar til offentlege VA-leidningar:

- 6 m til hovudleidningar
- 4 m til andre leidningar

### 3.4.3. Byggegrense sjø og vassdrag

Der byggegrense mot sjø ikkje er vist på plankart er byggegrense lik foremålsgrense.

Byggegrense mot bekkeløp og elver er minimum 20 m, jf. TEK 17 § 7-2.

Byggegrense mot verna vassdrag:

**Klasse 1** - vassdragsbelte i og ved tettstadar som har betydning for friluftslivet 20 m. Gjeld Valldøla nedstraums frå Muribøbrua, og Stordalselva nedstraums frå Stordal skule.

**Klasse 2** – vassdragsbelte i område med utmark, skogbruks- og jordbruksområde med spreidd utbygging 20 meter for Herdøla, Storelva (Norddal).

For Stordalselva områda oppstraums frå Stordal skule, og Valldøla oppstraums for Muribøbrua, 50 meter .

**Klasse 3** – vassdragbelte som er lite berørt av moderne menneskeleg aktivitet og har stor opplevings- og vitenskapsverdig 100 m. Gjeld for Dyrdalsvatnet og Dyrdøla sør for Hatlestadfjellvegen, og austsida av Herdalsvatnet.

Den generelle byggegrensa mot sjø og vassdrag i områder der planen opnar for utbygging, er elles 30 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller vist som byggegrense på kommuneplankartet.

Følgjande tiltak kan lokalisrast nærare sjø eller vassdrag:

- Nødvendige bygningar og tekniske innretningar knytt til regulerte vassdrag.
- Nødvendige offentleg og privat infrastruktur som må stå i tilknytning til vassdrag. (pumpestasjonar, inntakskammer og liknande).
- Nødvendige bygningar og anlegg knytt til landbruk i tilknytning til eksisterande tunskipnad, fiske, akvakultur og ferdsel til sjøs, jfr. pbl § 11 - 11 nr.4

## 3.5 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)

Område og bygg med publikumsretta bruksareal skal ha universell utforming av tilkomst og inngangssone.

Offentlege rom (gater, plassar, allmenningar og parkar) skal ha universell utforming med vekt på tilgjenge for alle.

Det skal dokumenterast korleis krav til universell utforming vert oppfylt i all planlegging og søknad om tiltak, opparbeiding av bygg og anlegg, inkludert tilkomst og uteområde.

For prosjekt med 5 eller fleire bueiningar skal minst 20 % av bueiningane vere universelt utforma.

### 3.6 Krav til leikeareal og felles uteopphaldsareal (pbl § 11-9 nr. 5)

#### 3.6.1 Leikeareal

I bustadområde skal det setjast av felles leikeareal ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak. Delar av arealet kan etter utbyggingsavtale eller privatrettsleg avtale, der kvalitetar vert tilført, leggjast til nærliggjande park, natur- og friluftsområde. Følgjande krav gjeld:

- Ved tilrettelegging av 5-25 bueiningar er det krav om nærleikeplass på minimum 200 m<sup>2</sup>, og maks avstand frå hovudinngang 50 m.
- Ved tilrettelegging av fleire enn 25 bueiningar er det også krav om kvartalsleikeplass på minimum 750 m<sup>2</sup> maks avstand frå hovudinngang 100 m

Kvalitetskrav:

- Areal ikkje brattare enn 1:3 eller smalare enn 10 meter. Brattare eller smalare areal kan vurderast, men må ha særskilde kvalitetar, til dømes vere eigna til akebakke.
- Leikeareal skal være plassert på bakken. I områder innanfor sentrumsføremål kan det etablerast areal for småbarnsleik på tak, føreset at kvalitetskrava nedanfor er stetta og at arealet kan sikrast tilfredsstillande.
- Areal for felles leik skal vere sentralt plassert i høve til flest mogleg bustadar.
- Tilkomstvegar mellom bustader og leikeplassar skal vere trafikksikre og universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap. 8 (TEK 17).
- Leikeareala skal vere eigna for leik og opphald heile året og for ulike aldersgrupper, og vere utstyrt med leikeapparat og møblering.
- Areala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt, trafikkfare og anna helsefare.
- Område med støynivå over 55 dB(A), areal sett av til køyreveg, parkering og fareområde kan ikkje reknast som leikeareal.

#### 3.6.2 Uteopphaldsareal

Alle bueiningar skal ha privat uteopphaldsareal i direkte tilknyting til bustaden. Dei skal ha gode solforhold og vere skjema mot støy i samsvar med T-1442. Utforminga skal vere slik at den har djupne tilsvarende snusirkel 1,5 m. Privat uteopphaldsareal kan vere overbygd og innglassa, føresett at innglassinga kan opnast i sin heilskap.

Felles utopphaldsareal skal vere mest mogleg samanhengande, og små eller smale oppstykkareal skal unngåast. Utforming skal ivareta samheng med omgjevnadane, blågrøne strukturar og landskap. Areal som er brattare enn 1:3 kan ikkje medreknast med mindre arealet har særlege bruksverdiar.

Minimumskrav til uteopphaldsareal for bustad er 50 m<sup>2</sup> pr. 100 m<sup>2</sup> BRA.

### 3.7 Krav til parkering (pbl § 11-9 nr. 5)

Parkeringsdekning og løysing skal dokumenterast ved all planlegging og alle søknader om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, b, d, e, g, j og l. Alle omsøkte tiltak skal ha parkeringsdekning i samsvar med krava i tabellen under.

Parkeringsplassar og garasjar skal plasserast slik at all manøvrering inn og ut skal gjerast på eigen grunn. Minst 5 % av biloppstillingsplassane skal vere utforma i tråd med krav til utforming av biloppstillingsplassar for rørslehemma i TEK 17.

Sykkelparkering skal leggjast nær inngang til publikumsbygg jf. krav til sykkelparkering under.

Krav til parkeringsplass, minimum pr eining (bustad) eller pr. begynt BRA på tomte

| Type verksemd                     | Eining                     | Tal p-plassar         |              | Tal sykkelplassar |
|-----------------------------------|----------------------------|-----------------------|--------------|-------------------|
| Bustad                            | Pr bustad                  | Konsentrert utbygging | Andre område |                   |
| Einebustad                        |                            | 1                     | 2            | 0                 |
| Rekkehus                          |                            | 1                     | 2            | 0                 |
| Leilighet                         |                            | 1                     | 1            | 1                 |
| Hyblar                            |                            | 0,5                   | 0,5          | 0                 |
| Omsorgsbustadar                   |                            | 0,2                   | 0,2          | 0                 |
| Fritidsbustadar                   |                            | 1                     | 1            | 0                 |
| Næringsverksemd                   | Pr. 100 m <sup>2</sup> BRA |                       |              |                   |
| Forretning                        |                            | 0,5                   |              | 1                 |
| Kontor                            |                            | 0,5                   |              | 1                 |
| Industri og verkstad              |                            | 0,5                   |              | 1                 |
| Lager                             |                            | 0,5                   |              | 1                 |
| Hotell og restaurant              |                            | 0,5                   |              | 1                 |
| Anna verksemd                     |                            |                       |              | pr 100 BRA        |
| Kultur (kino, kyrkje, forsamling) | Pr. sitteplass             | 0,2                   |              | 1                 |
| Småbåthamn                        | Pr. båtplass               | 0,2                   |              | 0                 |
| Skule, barnehage                  | Pr. ansatt/<br>pr 100 barn | 0,5                   |              | 0,5<br>20         |
| Idrettsanlegg                     | Pr. tribune-<br>plass      | 0,2                   |              | 0,2               |

### 3.8 Krav til samfunnstryggleik (pbl § 11-9 nr. 6)

#### 3.8.1. Flaumvegar og overvatn

Naturlege flaumvegar og fordrøyningsområde skal kartleggast og haldast opne. Alle planforslag skal skildre korleis overflatevatn skal handterast på og nedstrøms planområdet. Nødvendige tiltak skal fastsettast med tidspunkt for gjennomføring, dersom nødvendig. Miljødirektoratets, til ei kvar tid gjeldande rettleiar «Hvordan håndtere overvann» skal følgjast.

#### 3.8.3. Havnivå og stormflo

Reguleringsplanar og tiltak etter pbl § 20-1 som ligg lågare enn NN 2000 kote 2,6, skal planleggast og utformast slik at dei får tilstrekkeleg tryggleik.

#### **3.8.4. Flaum**

Aktsemdområde for flaum er vist med omsynssone H320 i plankartet. Ved tiltak innanfor denne sona må ein gjere vurderingar av reel flaumfare.

#### **3.8.4. Skredfare**

I Skredfare innanfor omsynssonene H310\_01 er det gjennomført skredfarekartlegging. Innanfor omsynssonene skal tiltak vurderast opp mot tryggleiksklasse S1, S2 og S3 (jf. byggtেকnisk forskrift §7-3). Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast.

Omsynssone H310\_2 er aktsemdområde for skred. Ved tiltak innafor denne sona må ein gjennomføre skredfarevurdering for å dokumentere tryggleiken.

Omsynssone H310\_3 er aktsemdområde for kvikkleire. Ved tiltak innanfor denne sona må det gjennomførast geotekniske vurderingar og tryggleiken må dokumenterast.

#### **3.8.5. Fjellskredgenerert flodbølgje**

Fare for fjellskredgenererte flodbølger i Storfjorden er vist som omsynssone H310\_03 på plankartet.

I omsynssona er det akseptabelt å vidareutvikle, fortette og transformere tiltak i sikkerheitsklasse S3. Det er ikkje tillat å plassere samfunnskritiske funksjonar i omsynssona, som til dømes EPS (evakuerte- og pårørandesenter), brannstasjonar, sjukeheimar, el- og teleinstallasjonar og storulykkeverksemdar, jf. TEK17 §§ 7-3 og 7-4, og unntakskrava i TEK17 § 7-4 a-e for den enkelte byggesaka.

Nye berekningar av oppskyljing/ tsunamieffekt av skred kan gi grunnlag for å justere oppskyljingshøgda.

#### **3.8.6. Støy**

Klima- og miljøverndepartementet si rettleiing for handsaming av støy i arealplanlegging T-1442:2021, skal leggjast til grunn ved utbygging.

Ved etablering av støyfølsam arealbruk som kan vere utsett frå støy frå veg, skal støynivå- og eventuelle tiltak oppfylle krav i til ei kvar tid gjeldande støyretningslinje T-1442.

### **3.9 Krav til landskap/terrengbehandling, estetikk (pbl § 11-9 nr. 6 og 7)**

Terrengendringar skal gjerast så skånsamt som mogleg, der ein tek vare på terrenglinjer og unngår silhuettverknad av bygg. Ved planlegging og utføring skal det leggjast vekt på terrengtilpassing, slik at ein i størst mogleg grad unngår flatplanering og skjeringar. I skrått terreng skal bygning der det er hensiktsmessig underetasje eller avtrappast over fleire plan for best mogleg terrengtilpassing.

Planlegging og tiltak skal underordne seg viktige landskapstrekk. Bygge- og anleggstiltak skal ikkje bryte åsprofilar, landskapssilhuettar og horisontlinjer. Forholdet mellom tiltaket og omkringinggande landskap skal dokumenterast og grunngjevast.

Nye tiltak skal ha eit formspråk som harmonerer med bygg og bygningsmiljø elles i området og ein skal dokumentere og grunngje forholdet mellom tiltaket (byggverk og uterom) og eksisterande tomte- og byggjestruktur.

Bygningar skal ha ei heilskapleg form og volumoppbygging og fremje gode uterom. Tiltak skal dokumenterast med fasadeoppriss i høve omgjevnadene og omkringliggande bygg og anlegg. Det skal gjerast greie for plassering av tiltaket i forhold til tilstøytande busetnad, gateløp, terreng og siktlinjer. Grunngjevinga skal supplerast med illustrasjonar som visuelt viser tilpassing til eksisterande bygningsmiljø, gate/veg, uterom, siktlinjer og terreng.

Høgdefastsetjing skildrast med kotehøgde for gesims- og mønehøgde, og illustrerast med terreng-profilar med tverrsnitt og lengdesnitt av eksisterande og nye bygg.

Dette skal dokumenterast i alle plan- og byggjesaker.

### 3.10 Krav til natur og grøntstruktur (pbl § 11-9 nr. 7)

All planlegging og tiltak skal skje med omsyn til, og dokumentasjon av natur- og friluftsinteresser.

Biologisk mangfald skal takast vare på med grunnlag i prinsippa i Naturmangfaldslova. Der kunnskap om biologisk mangfald ikkje er tilfredsstillande, gjeld føre var-prinsippet. Kommunen kan krevje at tiltakshavar gjennomfører undersøkingar for å forbetre kunnskapsgrunnlaget for vurdering av plan og tiltak.

Det skal planleggjast og leggjast til rette for ein samanhengande grøntstruktur.

### 3.11 Krav til massehandtering (pbl § 11-9 nr. 6)

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og i byggesaker skal det utarbeidast masseforvaltningsplan som inkluderer:

- oversikt over planlagt handtering av massar og eventuelt bortkøyring
- dokumentasjon på innhald i oppfyllingsmassar, jf. forureiningslova
- plan for overvasshandtering, inkludert bygge- og anleggsfasen med avbøtande tiltak for å hindre erosjon og avrenning under og etter anleggsfasen.
- tiltaksplan for handtering av infiserte og forureina massar i tråd med forskrift om framande artar.
- Matjordplan ved utbygging på dyrka eller dyrkbar mark

Massebalanse skal søkjast oppnådd. Det skal i størst mogleg gradleggast til rette for gjenbruk av masser lokalt. Masseforvaltning skal bygge på prinsippa i ressurspyramiden (Miljødirektoratet). Ved oppfylling med tilførte masser er det krav om ikkje-ureina jord- og steinmasser. Deponering av inerte og ureina masser og snødeponi tillates kun der det er gitt løyve etter forureiningslova. Masser skal handsamast som «infisert» inntil anna er avklart og handtering skal skje i tråd med tiltaksplan. Ved oppfylling og tilførsel av eksterne masser på areal over 1 daa, er det krav om reguleringsplan uavhengig av etterbruk av areala. Unntak er tilførsel av rein matjord for jordforbetring.

Vidare gjeld nydyrkingsforskrifta og bakkeplaneringsforskrifta for nydyrking og planering av stadeigne masser.

## 4. Føresegn for arealformål

### 4.1 Bygningar og anlegg

#### 4.1.1. Bustadformål

- I område avsett til framtidig bustadformål, kan det byggast eine- og tomannsbustadar der maks byggehøgde sett til 9 meter og BYA= 25 % , inkludert garasje og biloppstillingsplass. Vilkår for godkjenning av frådelling og utbygging er:
  - At tomta kan få tilfredsstillande løysingar for vatn inkl. sløkkevatn, avlaup, og tilkomst.
  - Tomta ikkje er i konflikt med omsynssoner kulturminne, naturområde og grøntstruktur.
  - Bygninga skal vere tilpassa omkringliggande busetnad m.o.t takform og møneretning, materialbruk.
- a) I eksisterande bustadområde kan det oppførast tilbygg og eller påbygg, og garasje uthus, under føresetnad av at maks BYA for tomta ikkje overstig BYA=25 %. Maks gesims- og mønehøgd i samsvar med pbl.
- b) I framtidige bustadområde med krav om regulering er BYA=25 % for frittliggande og BYA=35 % for konsentrert. Maks gesims- og mønehøgd i samsvar med pbl.

#### 4.1.2. Fritidsbustadar frittliggande, noverande

Føresegna gjeld område i kommuneplan som er avsett til noverande fritidsbustader, men som ikkje har reguleringsplan. Tillate bruksareal pr tomt er BRA=120 m<sup>2</sup>. Det kan byggast som fritidsbustad på 120 m<sup>2</sup> eller med anneks og uthus på kvar BRA=15 m<sup>2</sup> , slik at samla areal er 120 m<sup>2</sup>.

Maks mønehøgd over gjennomsnittleg planert terreng er sett til 6,5 meter. Det skal berre byggast i 1 etasje, men oppstugu og hems er tillate. Bruksareal på hems kan maksimalt utgjere 50 % av bruksarealet i 1.etasje.

Grunnmurs høgda skal ikkje overstige 60 cm over planert terreng. Omfattande planering av tomta er ikkje tillate.

Bygningar skal ha saltaksløysing (ikkje forskjøve saltak) med takvinkel mellom 22-35 °. Saltaket skal ha mønet parallelt med høgdekotene og i bygninga si lengderetning når bygget ligg i bratt terreng. Taktekking skal vere anten tre, skifer, torv eller shingel, ev anna ikkje-reflekterande materiale.

Terrasse kan maksimalt utgjere 34 % av fritidsbustadens bruksareal (BRA). Terrasse skal avtrappast etter terrenget for å unngå høge pilarar.

Hovudfarge på bygningane skal vere i mørke naturfargar (brun, grå, grøn). Uthus, anneks og rekkverk på terrasse skal ha same farge som hovudbygninga.

Inngjerding av tomt og oppsett av flaggstong er ikkje tillate. Det kan settast opp gjerde framfor biloppstillingsplassar, og inngangsparti for å hindre at beitedyr kjem inn på inngang og eller terrasse.

Mest mogleg av den stadeigne vegetasjonen skal takast vare på slik at tomte har naturpreg. Bruk av asfalt og betongstein er ikkje tillate.

#### **4.1.3. Fritidsbustadar framtidig**

Føresegna gjeld for områder vist som framtidige fritidsbustader i kommuneplanen eller ved utarbeiding av nye reguleringsplanar. Det er krav om reguleringsplan for områda.

- For tomter over 1000 m<sup>2</sup> er maks tillatt BYA 20%. Maks BRA er 250 m<sup>2</sup> og enkeltbygg kan ikkje være større enn 200 m<sup>2</sup>.
- For tomter mindre enn 1000 m<sup>2</sup> er maks tillatt BYA 30%. Maks BRA er 200 m<sup>2</sup> og enkeltbygg kan ikkje være større en 150 m<sup>2</sup>.

Ved hytter i rekke og ferieleiligheter bør tomtestorleik og utnyttingsgrad vurderast særskilt.

Utbygginga skal innordne seg etablert byggeskikk og estetikk m.o.t takform, material- og fargebruk.

Omfattande planering av tomtene er ikkje tillate. Bygg skal plasserast i koteretninga, slik at dei tar omsyn til terrengforholda. Terrasse skal avtrappast etter terrenget for å unngå høge pilarar. Ein skal unngå etablering av murar høgare enn 1,5 meter. Eventuelle terrengmurar skal oppførast i naturstein. Ved plan og byggesak skal det leggjast ved terrengsnitt og illustrasjonar som viser konsekvensane av tiltaket.

Mest mogleg av den stadeigne vegetasjonen skal takast vare på slik at tomte har naturpreg. Inngjerding av tomt og oppsett av flaggstong er ikkje tillate.

#### **4.1.3. Sentrumsformål**

Innanfor formålet kan det vere forretning, tenesteyting og bustad, kontor, hotell/overnatting og bevertning, nødvendig areal til bustadar, offentleg park, tekniske anlegg, vegar, parkering og gangareal.

Det skal vere forretning/kontor/sentrumsfunksjon i 1. etasje som naturleg vender seg mot ferdselsområde/offentleg rom.

#### **4.1.4. Forretningsformål**

Føremålet gjeld byggeområde for forretning med tilhøyrande tekniske anlegg, parkering, veg og anna felles areal.

#### **4.1.5. Fritids- og turistformål**

Formålet gjeld byggeområde sett av til utleiehytter og andre typar overnattingsanlegg som blir drive kommersielt.

For campingplassar skal «Reviderte føresegner til campingplassar», datert 10.06.11, rev. B gjelde. (Tidlegare Norddal kommunes arealplan) Vedtatt i møte 04.07.2011, KS-039/11. Dersom føresegna strider med teknisk forskrift, skal teknisk forskrift gjelde.

#### **4.1.6. Offentleg og privat tenesteyting**

Føremålet gjeld byggjeområde for offentlig eller privat tenesteyting med tilhøyrande tekniske anlegg, parkering, veg og anna felles areal.

#### **4.1.7. Råstoffutvinning**

Føremålet gjeld byggjeområde sett av til råstoffutvinning med tilhøyrande parkering, veg, bygningar og anlegg.

#### **4.1.8. Næringsformål**

Formålet gjeld etablering av næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, parkering, veg og anna felles areal. I næringsområdet skal det avsetjast areal til vegetasjonsskjerm mot område med landbruk, busetnad og turområde. Skjerming mot andre føremål skal fastsetjast i reguleringsplan og skal ha minimum breidde på 8 m (pbl. § 11-9 nr 6 og nr. 8). Maks BYA = 80 %.

#### **4.1.9. Idrettsanlegg**

Formålet gjeld område for etablering av idrettsanlegg med tilhøyrande bygningsmessige anlegg, parkering, veg og anna felles areal.

#### **4.1.10. Andre typar bygningar og anlegg**

- a) **Naust** er bygningar for oppbevaring av mindre båtar, fiskereiskap og båtutstyr, og anna sjørelatert utstyr til bruk i rekreasjonssamanheng. Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og ha ei enkel form utan ark, kvister og andre takopplett, balkongar eller andre fasadeelement. Innreiing av rom til varig opphald (fritidsbustad) er ikkje tillate.

Det skal vere fri ferdsel i strandsona. Opparbeiding av private uteområde som platting, benkar, inngjerding og liknande, og utfylling eller etablering av molo/bølgjevern, er ikkje tillate.

Naust skal i utgangspunktet oppførast frittliggande. Samanbygging av 2-3 naust kan tillatast dersom tilhøva tilseier det. Takvinkel skal ligge mellom 35-40 °, og maks mønehøgde mot sjø er 5,0 m i forhold til naturleg terreng. Maks bygd areal 50 m<sup>2</sup>.

Ved utbygging av 2-3 naust er det ikkje tillate med samanhengande støypt stø.

- b) **Avlaupsanlegg** innanfor området kan det etablerast avlaupsanlegg med nødvendig bygningar og leidningar.

## **4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

Nye vegtrasear synt i arealdelen til kommuneplanen er retningsgivande. Detaljert linjeføring for hovud-, samle-, tilkomst-, tur-, gang- og sykkelvegar skal avklarast ved regulering. (pbl § 11-9 nr. 8)

## 4.3 Grønstruktur

- a) **Friområde** - Friområda skal nyttast som gangtilkomst/snarvegar, leik, friluftsliv, bading mm. Innanfor områda kan det oppførast anlegg og mindre bygningar som har naturleg tilknytning til, og som fremjar bruken av området i høve til friluftsliv, rekreasjon og fysisk aktivitet.
- b) **Turvegar** - i TV-områda kan det etablerast turveg open for allmenn ferdsel. Det er løyve til å etablere mindre konstruksjonar og andre liknande tiltak for å fremje området sitt føremål. Eksisterande vegetasjon skal ivaretakast, men opprydding og tynning er tillate. Breidde kan på ein naturleg måte variere mellom 2 og 3 meter.

Turvegar i fjellområdet skal tilretteleggast på naturvenleg måte i samsvar med rettleiarane «Stiskulen» og M-1326 – Naturvenleg tilrettelegging for friluftsliv.

I utbygde område kan turstiar gå over konstruksjonar som brygger, bruer og andre område med fast dekke. Tursti langs sjø må byggast på ein slik måte at den kan stå under vatn ved stormflo.

## 4.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrifsmål

### 4.4.1. LNF-område

I landbruks-, natur og friluftsområda må bygge- og anleggstiltak vere knytt til stadbunden næring. Det er ikkje høve til oppføring av nye hytter eller vesentleg utviding av eksisterande fritidsbebyggelse og/eller utleiehytter.

Det kan tillatast tilrettelegging av turvegar til friluftsmål og skilting av desse innafor formålet. All skilting skal skje i samråd med grunneigar. Rettleiaren «Tilrettelegging av turveier, løyper og stiar», skal leggjast til grunn for planlegging, skilting, drift og vedlikehald av turvegar. For skilting av turvegar skal rettleiaren Skiltmanual leggjast til grunn.

### 4.4.2. LNF-spreidd busetnad framtidig

Formålet gjeld spreidd bustadbygging som ikkje er knytt til landbruksnæring med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, vegar og parkering. Det er ikkje krav om reguleringsplan, men ein må dokumentere tilstrekkeleg tryggleik, tilkomst og VAO-løysing.

Det kan byggast frittliggande småhus (inntil tomannsbustadar) med maksimal gesimshøgde 8,0 m, og maksimal mønehøgde 9,0 m over gjennomsnittleg terreng. Maksimal BYA vert sett til 200 m<sup>2</sup>, inklusiv biloppstilling på bakkenivå. Frittliggande bygg kan ikkje vere større enn 150 m<sup>2</sup>. Krav om to biloppstillingsplassar pr bueining.

Det kan førast opp mindre bygningar på til saman 50 m<sup>2</sup> BRA (pbl § 20-5), som ikkje skal innehalde rom for varig opphald. Saman med byggjesøknad skal det liggje føre målsett situasjonsplan som syner plassering av alle tiltak (alle bygningar, parkering, vegareal, avkøyrsløp m.m.), inklusiv uteopphaldsareal.

Maksimal tomtestorleik vert sett til 1,2 daa. Areal og funksjonskrav til nærleikeplass skal stettast, areal til leikeplass skal plasserast sentralt i formålet.

Kommuneplanen gjev høve til frådeling av nye bustadtomter. Ved frådeling av nye tomter skal desse plasserast i tilknytning til eksisterande utbygd område og infrastruktur. Det skal dokumenterast korleis ein tek omsyn til etablert landbruksdrift, drivverdig dyrka mark, og samanhengande innmarksbeite av høg verdi.

Frådeling innanfor LSB krev ikkje landbruksmynde si godkjenning. Før byggjesøknadar kan handsamast skal søkjar avklare med fylkeskommunen si kulturavdeling tilhøve til automatisk freda kulturminne.

#### **4.4.2. LNF-spreidd busetnad noverande**

Tilbygg eller påbygg på maks 50 m<sup>2</sup> BRA på etablerte bustader er tillate etter søknad.

Det kan førast opp mindre bygningar på til saman 50 m<sup>2</sup> BRA (pbl § 20-5) som ikkje skal innehalde rom for varig opphald. Saman med byggjesøknad skal det liggje føre målsett situasjonsplan som syner plassering av alle tiltak (alle bygningar, parkering, vegareal, avkøyrsløp m.m.), inklusiv uteopphaldsareal.

Ev. naturfare må vere avklart og sikringstiltak prosjektert.

### **4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone**

Det er krav til bevaring av kantsone langs vassdrag med årleg vassføring jf. § 11 i vassressurslova. Bredde på kantsona skal vurderast konkret i reguleringsplan. Formålet med kantsona er å motverke avrenning, hindre utrasing og ureining, og gi levestad (skjul, opphaldsstad) for artar av plantar og dyr som har naturleg tilhald ved eller i vassdraget.

Føresegner i gjeldande sjøarealplanen, skal gjelde for tiltak i sjøområda.

## 5. Føresegner til omsynssoner

### 5.1 Sikrings-, støy- og faresoner

#### 5.1.1. Sikringssone

Nedslagsfelt drikkevatn er vist i plankartet med omsynssone H410

Det er ikkje tillate med nye bygningar eller utviding av eksisterande i nedslagsfeltet.

#### 5.2.2. Faresoner

Kartlagde skredfareområde er vist med omsynssone H310\_1 i plankartet.

Aktsemdområde for skred er vist med omsynssone H310\_2 i plankartet.

Faresone skred og fjellskredgenerert flodbølge er markert i plankartet med omsynssone H310\_3.

Faresone for kvikkleire er vist med omsynssone H310\_4

Faresone flaum er vist i plankartet med omsynssone H320.

Føresegner til faresonene for naturfare går fram av § 3.7.

Faresone høgspent er markert i plankartet med omsynssone H370. Tiltak innanfor denne sona må avklarast med netteigar.

### 5.3 Særlege omsyn til landbruk, bevaring av naturmiljø og kulturmiljø

Seter- og naustmiljø (Nørdalen Alstadsetra, Eidsdal, Norddal, Valldal) er vidare ført frå eldre kommuneplanar og er vist i plankartet med omsynssone H570

Naturområde med KU-verdi er markert med omsynssone H560

### 5.4 Bandlagde område eller bandlegging i påvente av vedtak

#### Naturområde

Vedtekne naturvernområde er vist i plankartet med omsynssone H720

#### Kulturminne

Innanfor bandleggingssona H730 XX ligg vedtaksfreda bygningar, og fornminne. Desse kulturminna er freda med heimel i kulturminnelova. Det er ikkje høve til å grave, bygge, utilbørleg skjemme eller på annan måte sette i gang tiltak som kan skade kulturminna. Jfr. Kultuminnelova § 3.

## 6. Vidareføring og oppheving av planar

### 6.1 Vidareføring av reguleringsplanar

Følgjande planar skal vidareførast og skal fortsatt gjelde:

| PlanID      | Plannamn                                        | Vedtaksdato |
|-------------|-------------------------------------------------|-------------|
| 1526-200901 | Reg.pl. for skule- og idrettsområde             | 12.12.2012  |
| 1526-201808 | Detaljregulering for Stordal brannstasjon       | 24.06.2021  |
| 1526-201101 | Reguleringsplan Stordal fellesfjøs as           | 15.02.2012  |
| 1526-200401 | Hyttefelt Almåsli                               | 11.02.2004  |
| 1526-200501 | Reguleringsplan Alpinanlegg Overøye             | 06.07.2005  |
| 1526-201601 | Reguleringsplan for Stolen                      | 26.10.2016  |
| 1526-200903 | Reguleringsplan for veg Overøye-Langsætrane     | 16.12.2009  |
| 1526-201702 | Detaljregulering for del av H5, Nørdalen        | 01.10.2020  |
| 1526-200301 | Reguleringsplan hyttefelt H51                   | 27.11.2003  |
| 1526-200904 | Reguleringsplan for Hyttefelt H51- Utbygging II | 30.06.2010  |
| 1526-201602 | Reguleringsplan for H60                         | 01.10.2020  |
| 1526-200702 | Reguleringsplan for Øyna, Langsætrane           | 16.04.2008  |
| 1526-200601 | Reguleringsplan for Føkhauglia                  | 22.03.2006  |
| 1526-199904 | Reguleringsplan Ekre - Hyttefelt H23            | 01.07.1999  |
| 1526-200701 | Reguleringsplan for Ekre hyttetun.              | 27.06.2007  |
| 1526-201202 | Reguleringsplan Ekre H38 Blåtind                | 17.12.2014  |
| 1524-200308 | Reguleringsplan for Lingås hyttegrend           | 11.09.2003  |
| 1524-197802 | Reguleringsplan for Nerås/Lingås                | 23.08.1978  |
| 1524-201305 | Nybøen - mindre utviding hyttefelt              | 27.10.2022  |
| 1524-200606 | Reguleringsplan for Nybøen-Lingås               | 16.02.2006  |

|                  |                                                                         |            |
|------------------|-------------------------------------------------------------------------|------------|
| 1524-201101      | Reguleringsplan for Nybøen 2                                            | 17.11.2011 |
| 1524-201201      | Reguleringsplan for Muribugen                                           | 20.06.2013 |
| 1524-200801      | Reguleringsplan for Murigrandane                                        | 07.05.2010 |
| 1524-201001      | Detaljregulering for B/F/K2 og P8 i reguleringsplan for Murigrandane    | 31.05.2012 |
| 1524-201301      | Reguleringsplan for Valldal vassverk                                    | 22.05.2014 |
| 1524-199601      | Reguleringsendring for Sylte hamn                                       | 19.09.1996 |
| 1524-201902      | Mindre regulerings-endring av plan for veg til Valldal skule            | 16.09.2021 |
| 1524-201303      | Detaljregulering for Valldal skule, kultur- og idrettsføremål i Valldal | 11.09.2014 |
| 1524-201306      | Detaljreguleringsplan for gangveg Sylte                                 | 02.10.2014 |
| 1524-200102      | Reguleringsplan for industriområde Djupøyna                             | 04.01.2001 |
| 1524-200302      | Reguleringsplan for hyttefelt Hagardshjellen på Jemtegård               | 30.01.2003 |
| 1524-200307      | Reguleringsplan for Jemtegård feriesenter                               | 03.07.2003 |
| 1524-199804      | Reguleringsplan for hytteområde - Myklebust                             | 26.05.1999 |
| 1524-201401      | Detaljregulering for Valldal aktivitetspark                             | 22.05.2014 |
| 1524-200605      | Reguleringsplan for gnr. 10, bnr. 12 Bendiken                           | 30.03.2006 |
| 1524-201307      | Reguleringsplan for Omenås hyttegrenn, gnr. 10 bnr. 2                   | 26.09.2013 |
| 1524-201803      | Reguleringsplan for Kreksa gnr.10 bnr. 5 og del av bnr. 2               | 01.10.2020 |
| 1524-200804      | Reguleringsplan for del av Gjerde hyttefelt                             | 28.02.2008 |
| 1524-200607      | Reguleringsplan for hytteområde på Gjerde - gnr. 11 bnr. 2 og 3         | 16.11.2006 |
| 1524-200903      | Reguleringsplan for del av 20/4                                         | 24.06.2010 |
| 1578_1524-201304 | Detaljregulering for Tafjord friluftsbad, småbåthamn og camping         | 20.05.2021 |
| 1578_1524-199603 | Reguleringsendring for del av gnr. 37/12 i Tafjord                      | 19.09.1996 |
| 1578_1524-201403 | Detaljregulering for Almstad del av gbnr 33/4 og 33/8                   | 17.03.2016 |

|                             |                                                                   |            |
|-----------------------------|-------------------------------------------------------------------|------------|
| 1578_1524-201402            | Detaljregulering for Norddalstunet                                | 21.05.2015 |
| 1578_1524-200201            | Reguleringsplan for Lilleås                                       | 04.04.2002 |
| 1578_1524-198202            | Reguleringsplan for Eidsdal sentrum – småbåthamn.                 | 26.08.1982 |
| 1578_1524-201404            | Detaljregulering for 73/57 i Eidsdal                              | 29.06.2017 |
| 1578-202005                 | Kilsti compact Lodge                                              | 12.05.2022 |
| 1578_1524-201802            | Fv 63 Hp 04 Deponi Øye i Eidsdal                                  | 26.09.2019 |
| 1578_1524-199507            | Reguleringsplan for Rønnebergvegen                                | 19.10.1995 |
| 1578_1524-200901            | Reguleringsplan for Berge hyttegrend                              | 25.06.2009 |
| 1578_1524-198903            | Reguleringsplan for Berge massetak                                | 22.11.1989 |
| 1578_1524-199204            | Reguleringsplan for Eide massetak.                                | 03.09.1992 |
| 1578_1524-200303            | Reguleringsplan for Eidsvatnet hyttegrend                         | 03.07.2003 |
| 1578_1524-201601            | Reguleringsplan for Fv 63 Hp 2/3. Korsmyra Indreeide              | 26.05.2016 |
| 1578_1524-199102 (rev.2015) | Reguleringsplan for Nedstestølen                                  | 12.02.2015 |
| 1578_1524-199406            | Reguleringsplan for Langdal Villmarkscamp                         | 27.05.1994 |
| 1578_1524-200601            | Reguleringsplan for Gudbrandsjuvet                                | 17.09.2008 |
| 1578_1524-201801            | Mindre reguleringsendring for bustadfelt B1 og B2 Gudbrandsjuvet. | 27.08.2018 |
| 1578_1524-199802            | Reguleringsplan for Ekrebakken bustadfelt                         | 29.04.1998 |
| 1526-200905                 | Gang- og sykkelveg Øvrebust - Moe                                 | 16.12.2009 |

## 6.2 Reguleringsplanar som blir vidareført med endring

Følgjande planar skal vidareførast, men med endringar jf. vedlegg om planvask:

| PlanID                               | Plannamn                                               | Vedtaksdato                     |
|--------------------------------------|--------------------------------------------------------|---------------------------------|
| 1526-201201                          | Grigåsrrøbbane bustadfelt                              | 25.03.2015                      |
| 1526-201001                          | Reguleringsplan Jøsvoll og Jøsvollseter                | 07.04.2010                      |
| 1526-200001                          | Reguleringsplan for Bølømarka hyttefelt                | 23.05.2021                      |
| 1526-200801                          | Reguleringsplan for Overøye Fjellgrend                 | 28.05.2008                      |
| 1524-199703                          | Reguleringsplan for Grauthamna                         | 11.03.1997                      |
| 1524-201302                          | Reguleringsplan for Busslommer langs Fv 63 på Linge    | 19.06.2014                      |
| 1524-200602                          | Reguleringsplan for Lingåsen hyttefelt                 | 29.06.2006                      |
| 1578_1524-199501                     | Reguleringsendring for Tafjord camping                 | 09.03.1995                      |
| 1578_1524-199301                     | Rp. Tafjord skule                                      | 07.10.1993                      |
| 1578_1524-199001                     | Reguleringsendring for Tafjord                         | 09.02.1990                      |
| 1578_1524-197001                     | Reguleringsplan for Tafjord                            | 16.07.1970                      |
| 1578_1524-197801                     | Reguleringsendring for del av Tafjord                  | 12.10.1977                      |
| 1578_1524-199604                     | Reguleringsplan massetak i Jimdalen                    | 19.09.1996                      |
| 1578_1524-199704                     | Reguleringsplan for område B4 på Nerhus                | 20.05.1997                      |
| 1578_1524-198101                     | Reguleringsplan for Fjørå sentrum                      | 24.02.1981                      |
| 1578_1524-200502                     | Reguleringsplan for Fjørå sentrum vest                 | 16.06.2005                      |
| 1578_1524-200701                     | Reguleringsplan for Ruset hytteområde                  | 07.02.2007                      |
| 1578_1524-199705                     | Reguleringsplan for Vika bustadfelt                    | 13.05.1997                      |
| 1578_1524-199901                     | Reguleringsplan for Vika, Fjørå, Norddal kommune       | 29.06.2000                      |
| 1578_1524-200603                     | Vikaberga                                              | 13.09.2007                      |
| 1578_1524-198001                     | Reguleringsplan for Norddal sentrum                    | 01.02.1980                      |
| 1578_1524-199803                     | Reguleringsendring for del av Norddal sentrum, alt. II | 28.10.1998                      |
| 1578_1524-200002 og 1578_1524-200401 | Reguleringsplan for Dalebø (inkl. reguleringsendring)  | 05.04.2002 (endring 14.10.2004) |

|                  |                                                     |            |
|------------------|-----------------------------------------------------|------------|
| 1578_1524-199402 | Reguleringsendring for Norddal sentrum              | 03.02.1994 |
| 1578_1524-199502 | Reguleringsplan for Ekrå bustadfelt                 | 20.04.1995 |
| 1578_1524-200501 | Reguleringsplan for prestegarden hyttegrenn         | 22.08.2005 |
| 1578_1524-198904 | Reguleringsplan for Kalvegjerdet                    | 07.09.1989 |
| 1578_1524-197901 | Reguleringsendring for Langreiten Nord              | 27.05.1979 |
| 1578_1524_199405 | Reguleringsplan for Solvang camping                 | 21.04.1994 |
| 1578_1524-200805 | Reguleringsplan for del av Langdal, gnr. 15. bnr. 1 | 12.11.2009 |

### 6.3 Reguleringsplanar som skal opphevast

Tabellen under lister opp planar som blir opphevast. Arealbruk og vilkår for bygging i områda som desse planane dekkjer, skal følgje formål og føresegnar i kommuneplanen.

| PlanID      | Plannamn                                              | Vedtaksdato |
|-------------|-------------------------------------------------------|-------------|
| 1526-199801 | Reguleringsplan Rv650 Hp04 Dyrkorn-Visettunnelen      | 19.09.91    |
| 1526-199601 | Reguleringsplan Rv650 Hp04 Seljeneset-Dyrkorn         | 06.06.1996  |
| 1526-199301 | Dyrkorn Nedre                                         | 27.05.1993  |
| 1526-198001 | Reguleringsplan Bustadfelt på Dyrkorn                 | 22.12.1981  |
| 1526-199903 | Reguleringsplan for Rasmusreiten, bustadtomter        | 01.03.1999  |
| 1526-197001 | Reguleringsplan for bustadfelt Hovslia                | 29.12.1970  |
| 1526-197801 | Reguleringsplan for Vinjehjellane                     | 14.11.1979  |
| 1526-199802 | Reguleringsplan for Røbbane-Hovslia bustadfelt        | 08.06.1998  |
| 1526-199501 | Reguleringsplan Busengdal - Vinje                     | 16.10.1995  |
| 1526-199905 | Reguleringsplan Melsetbøen II                         | 11.03.1999  |
| 1526-199901 | Reguleringsplan for Stordal sentrum                   | 03.06.1999  |
| 1526-198901 | Reguleringsendring del av Hovslia bustadfelt – utvida | 29.06.1989  |

|             |                                                                                        |            |
|-------------|----------------------------------------------------------------------------------------|------------|
|             | område for Andershaugen barnehage.                                                     |            |
| 1526-199804 | Reguleringsendring for parsell nr. 2 gnr. 128 bnr. 154, område vest for Stordal kyrkje | 08.06.1998 |
| 1526-197803 | Reguleringsplan Industriområde Vinjesanden                                             | 03.01.1979 |
| 1526-198902 | Reguleringsplan Øvrebust bustadfelt                                                    | 08.02.1990 |
| 1526-199803 | Reguleringsplan for hytteområde H26 Seljehaug-Almås                                    | 08.06.1998 |
| 1526-200102 | Reguleringsplan for del av hyttefelt H7 - Seljehaugen                                  | 18.10.2001 |
| 1526-200101 | Reguleringsplan for del av hytteområde H8 på Overøye og Seljehaug i Stordal            | 23.05.2001 |
| 1526-200602 | Reguleringsplan for Overøye Panorama                                                   | 22.03.2006 |
| 1526-201002 | Reguleringsplan for Storåkeren                                                         | 17.02.2010 |
| 1526-199602 | Reguleringsplan for hytteområde H5 og H6 på Overøye                                    | 06.06.1996 |
| 1526-198702 | Reguleringsplan Langsætrane H1-H4                                                      | 17.12.1987 |
| 1526-199906 | Reguleringsplan (endring) for hyttefelt H4 Langsætrane                                 | 01.07.1999 |
| 1526-197701 | Disposisjonsplan for hytter i Seljebotn, gnr.145 bnr.1, 3 og 7                         | 26.09.1977 |
| 1526-198701 | Disposisjonsplan for hyttefelt gnr.143 bnr.2 og 5.                                     | 19.03.1987 |
| 1526-198202 | Disposisjonsplan for hytteområde på gnr.143 bnr.4 i Stordal                            | 04.01.1983 |
| 1526-197901 | Disposisjonsplan for 3 hytter på gnr.144 bnr.11 i Stordal                              | 04.07.1979 |
| 1526-197601 | Disposisjonsplan for Storløsletta II                                                   | 25.11.1976 |
| 1526-198201 | Disposisjonsplan for 2 hytter på gnr.144 bnr.1                                         | 15.12.1982 |
| 1526-197703 | Disposisjonsplan for 3 hytter på Overøye. Gnr.144 bnr.8-9                              | 17.07.1978 |
| 1526-197702 | Disposisjonsplan for 3 hytter på Overøye. Gnr.144 bnr.7                                | 28.07.1977 |

|                  |                                                                    |            |
|------------------|--------------------------------------------------------------------|------------|
| 1526-197502      | Disposisjonsplan for Almås<br>gnr.142 bnr.2                        | 07.07.1975 |
| 1526-197802      | Regulerings-plan for Ekre<br>(hyttefelt)                           | 04.09.1979 |
| 1524-199801      | Reguleringsplan for<br>Lingestranda                                | 28.10.1998 |
| 1524-200101      | Reguleringsplan for<br>Lingestranda - del av Linge, gnr<br>1 bnr 6 | 04.07.2001 |
| 1524-200404      | Reguleringsplan-endring for<br>Lingestranda                        | 16.12.2004 |
| 1524-199709      | Reguleringsplan for hyttefelt<br>på Linge                          | 08.04.1997 |
| 1524-200902      | Reguleringsplan for del av gnr.<br>1/1 og 1/7 på Linge             | 12.11.2009 |
| 1524-199701      | Reguleringsplan for<br>Muriberget - Åsvegen                        | 24.06.1997 |
| 1524-198701      | Reguleringsplan for Valldal<br>vest                                | 05.06.1987 |
| 1524-199207      | Reguleringsplan for del av<br>Valldal vest                         | 13.11.1992 |
| 1524-199401      | Reguleringsplan for Sylte.                                         | 03.02.1994 |
| 1524-197401      | Reguleringsplan for Valldal<br>aust                                | 20.08.1974 |
| 1524-199702      | Reguleringsendring for del av<br>Sylte                             | 24.06.1997 |
| 1524-199101      | Reguleringsendring veg til<br>Valldal skule                        | 11.07.1991 |
| 1524-198201      | Reguleringsplan for Omenåsen                                       | 08.07.1982 |
| 1524-197704      | Disposisjonsplan for Gjerde<br>hytteområde                         | 15.07.1977 |
| 1578_1524-200001 | Rp for Onilsavatn<br>Olivinforekomst                               | 29.06.2000 |
| 1578_1524-198601 | Reguleringendringer for<br>vegsystemet vest for<br>Tafjordelva     | 20.11.1986 |
| 1578_1524-199302 | Reguleringsendring for Tafjord<br>– veg til Fjordheimen            | 04.02.1993 |
| 1578_1524-198502 | Reguleringsendring for Fjørå<br>aust III                           | 24.10.1985 |

|                  |                                                     |            |
|------------------|-----------------------------------------------------|------------|
| 1578_1524-200202 | Reguleringsplan for Hjellane hyttegrend             | 07.11.2002 |
| 1578_1524-199606 | Reguleringsplan for hytteområde Dalhus              | 15.10.1996 |
| 1578_1524-199605 | Reguleringsplan for hyttefelt Engeset               | 02.07.1996 |
| 1578_1524-199205 | Reguleringsplan for Ytterdal                        | 07.05.1992 |
| 1578_1524-199506 | Bebyggelsesplan for område F1                       | 04.07.1995 |
| 1578_1524-199902 | Reguleringsendring for Ytterdal.                    | 17.02.1999 |
| 1578_1524-198401 | Reguleringsendring for Eidsdal sentrum              | 09.04.1984 |
| 1578_1524-199707 | Reguleringsplan for Blomrobben                      | 13.05.1997 |
| 1578_1524-197502 | Reguleringsplan for Langereiten sør                 | 18.06.1975 |
| 1578_1524-200203 | Reguleringsendring Langereiten sør.                 | 07.11.2002 |
| 1578_1524-200304 | Bebyggelsesplan for Heimre_Hjelle hytteområde       | 18.05.2004 |
| 1578_1524-200305 | Reguleringsplan for Steingjerdet hyttegrend         | 23.05.2005 |
| 1578_1524_199208 | Reguleringsplan for riksveg 63, Oppskredfonna-Berge | 01.07.1993 |
| 1578_1524-199201 | Reguleringsplan for Øvstestølen                     | 20.12.1994 |